



Hildegunn Konglevoll
LEIRVÅGSVEGEN 95
5953 Fønnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9747 - 22/18510

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
04.03.2022

Orientering om vedtak om midler til landbruksføremål i Austrheim kommune for 2021 - drenering og ny gjerdeteknologi

Austrheim kommune viser til søknad av 19.11.2021.

Bakgrunn i saka

Hildegunn Konglevoll søkte om tilskot til landbruksføremål 19.11.2021. Du søker om totalt 43 200 kroner i tilskot. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 60 200 kroner. Det er søkt om tilskot til dreneringstiltak på GBNR 128/13, totalt 200 meter drenering. Det er og søkt om tilskot til innkjøp av 4 stk NoFence klaver til bruk for geit.

Grunngjeving for vedtaket

Det kommunale tilskotet til landbruket skal leggja til rette for og styrkja landbruksdrifta i Austrheim, og vera til hjelp i samband med investeringar på bruk som mottok produksjonstilskot, eller andre tiltak som fremjer landbruket i kommunen.

Formannskapet har i vedtak av 03.02.2022 løyvd midler til landbruksformål i Austrheim kommune for 2021, etter innstilling frå felles landbrukskontor for Alver, Austrheim, Fedje og Modalen. Orientering om vedtaket vert sendt ut av felles landbrukskontor/ Alver kommune, på vegne av Austrheim kommune. I tråd med retningsliner for tilskot til landbruksføremål for Austrheim kommune vert dreneringsstiltak støtta med inntil 30 kr per meter. Ny gjerdeteknologi (NoFence) vert støtta med maks 800 kr per klave og inntil 15 000 kr per bruk. Dreneringstiltak og tiltak hos nye bønder er høgt prioritert for landbruksmidler.

Vedtak

Austrheim kommune har vedtatt å løyve inntil kr 6000 til Hildegunn Konglevoll til dreneringstiltak og kr 3200 i tilskot til 4 Nofence klaver.

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.03.2025

Rapportering og utbetaling

Før tilskot normalt kan utbetalast, må tiltaket vera gjennomført, og det må liggja føre skriftleg stadfesting på dette/gjerne med foto av gjennomført tiltak. Delutbetaling av tilskot kan etter søknad betalast ut firsvarande i prosent av det som er gjort ferdig av det totale tiltaket, som

det er gjeve tilskot til. Delutbetalinga sin storleik avgjer landbrukskontoret. Når arbeidet er ferdig, eller delvis ferdig skal felles landbrukskontor ferdiggodkjenna tiltaket, og sørge for at det er levert inn timelister og kopi av faktura. Felles landbrukskontor sender skriftleg brev om at utbetaling kan skje til Austrheim kommune som betalar ut tilskotet.

Sluttrapport med timeliste, kopi av faktura og kart over utført dreneringstiltak sendes til post@austrheim.kommune.no

Misleghald

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtta, kan Austrheim kommune avgjera at tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis. Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Marie Victoria Rekdal Skogrand
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Austrheim kommune	Sætre marka 2	5943	AUSTRHEIM
-------------------	---------------	------	-----------

Mottakarar:

Hildegunn Konglevoll	LEIRVÅGSVEGEN 95	5953	Fonnes
----------------------	------------------	------	--------